

13.05.14.

Odd Gunnar Skagestad:

Putins veg til Krim – (...og til Ukraina)

Underteikna gjorde i 1998-2000 teneste som leiar for OSSE (Organisasjonen for Tryggleik og Samarbeid i Europa) si Støttegruppe til Tsjetsjenia. Dette var eit oppdrag som òg førde med seg utstrakt kontakt og dialog med dei russiske sentrale styresmaktene. Det var difor ei sak av heller rutinemessig karakter då eg i slutten av mars 1999 kontakta Den føderale Tryggingstenesta (FSB) og bad om å få treffe direktøren – Vladimir Putin - med føremål å utveksle synspunkt på utviklinga i Tsjetsjenia og innhente FSB sitt syn på korleis Støttegruppa kunne bidra i så måte. Innan møtet fann stad (27. april) synte det seg at Putin hadde fått eit nytt verv: I tillegg til stillinga som direktør for FSB, var han no òg sekretær for Russlands Nasjonale Tryggingsråd, og kombinerte med dette to av dei mest sentrale maktposisjonane i landet.

Møtet med Putin fann stad på kontoret hans i det gamle KGB-hovudkvarteret ved Ljubjankaplassen. Samtala, som gjekk føre seg på russisk og som varte ein times tid, brakte inga banebrytande resultat. Ho gav like vel eit interessant gløtt inn i den rådande tenkjemåten - i Kreml så vel som for Putins eige vedkomande.

Ytterlegare møte mellom Støttegruppa og FSB si leiing fann ikkje stad, og utviklinga etter at Putin tiltredde som statsminister i august seinare same år skulle føre til at OSSE sitt tilhøve til dei russiske sentrale styresmaktene vart gradvis meir utriveleg.

Den 3. september byrja føderale russiske styrkar ein storstilt militær aksjon for å tvinge den tsjetsjenske utbrytarrepublikken i kne. Denne såkalla "Andre tsjetsjenske krigen" skilde seg på vesentlege punkt frå den førre "Fyrste tsjetsjenske krigen" 1994-96. Den gongen hadde dei føderale russiske styrkane lide fleire audmjukande nederlag, noko som hadde vorte formidla til omverda så vel som andsynes eit heimleg russisk publikum frå russiske og internasjonale uavhengige nyhendemedium og observatørar, som var aktivt til stades. Verksemda til humanitære og friviljuge organisasjonar – ikkje minst dei russiske "soldatmødrekomiteane" - bidrog òg til å skape ein innanlandsk opinion mot krigføringa.

I september 1999 tok dei russiske føderale styresmaktene full regi med hendingane og sørga for å ha opinionen på si side. Uavhengige russiske eller internasjonale nyhetsmedium var ikkje lenger til stades i Tsjetsjenia, og det vart lagt eit tett lokk på formidlinga av nyhende. I

Tsjetsjenia fanst det heller ikkje lenger nokre internasjonale humanitære organisasjonar eller observatørar som eventuelt kunne rapportere til omverda om kva som gjekk føre seg. Det einaste unntaket i så måte var OSSE si Støttegruppe, som enno hadde ei rudimentær nærvere i Tsjetsjenia og dessutan eit kontor i Moskva. Følgjeleg fall det i underteikna sitt lodd å ta i mot ein straum av meldingar frå dei tsjetsjenske styresmaktene, og dessutan frå tsjetsjenske og andre humanitære og friviljuge organisasjonar og einskildpersonar, med til dels fortvilte rapportar om russiske menneskerettsbrot og bønner om hjelp frå det internasjonale samfunnet. Frå Støttegruppa si side var det ikkje stort ein kunne gjere i så måte – ut over å bringe situasjonen til omverda sin kunnskap ved å formidle vidare desse meldingane til OSSE sitt formannskap (som den gongen var norsk UD) og dessutan til OSSE sitt sekretariat i Wien. Dette vakte stort mishag i Kreml. Den 24. september vart underteikna kalla inn på teppet til det russiske utanriksministeriet MID, der viseutanriksminister Vladimir Tsjizjov i kvasse ordelag kunngjorde at aktivitetane mine gjekk ut over Støttegruppa sitt mandat og åtvare at russarane ikkje ville finna seg i at eg heldt fram med denne typen rapportverksemd. Same budskap vart same dag framført andsynes norsk UD av Russlands chargé d'affaires i Oslo, Mikhail Kokejev, og dessutan av den russiske OSSE-ambassadøren i Wien, Oleg Belous, andsynes den norske kollegaen hans, Kai Eide.

Støttegruppa oppheldt seg i Russland på det russiske riksstyret sin nåde. Det var såleis heller avgrensa kva ho kunne utrette om ho ikkje skulle risikere å verte vist ut or landet.

Den andre tsjetsjenske krigen vart ingen vilkårslaus militær suksess. Avgjerande for Vladimir Putins vidare karriere var like vel at han vann informasjon- og propagandakrigen og med det lukkast å skaffe seg definisjonsmakta: Makta til å avgjere kva Tsjetsjenia-konflikten handla om, makta til å definere kva som var sant og kva som var usant, kva som var rett og kva som var gale. Då Boris Jeltsin nyttårskvelden 1999 kunngjorde at han gjekk av som president, stod statsminister Putin klår til å ta over, og han skulle sidan kome til å dominere russisk politikk.

Med omsyn til annekasjonen av Krim og destabiliseringa av Ukraina anno 2014, har mykje vore sagt og skrive om Putins motiv, argumentasjon og handlingsmønster – hans *modus operandi*. Ein av dei beste analysane stod å lese i Anders Åslund sin kronikk «Putin følgjer nazistane si lærebok» i *Aftenposten* 24. mars 2014. Her vart det lista opp 12 punkt der Putin nytta dei same argumenta for å annektere Krim som Hitler-Tyskland i 1938-39 brukte for å annektere nabolanda.

Men kjensla av *déjà-vu* galdt ikkje berre analogien med Nazi-Tyskland. Vi kan òg sjå klåre likskapspunkt mellom Putin sin *modus operandi* før og no – i 1999 og i 2014: Korleis han den gongen som no lukkast i å vinne informasjons- og propagandakrigen og dessutan å vinne – og halde på – definisjonsmakta. Oppskrifta var å mobilisere den heimlege opinionen, marginalisere kritiske røyser, sørge for at dei heimlege nyheitsmedium trugent følgde signala frå Kreml, og ikkje minst – stengje ute internasjonale (uavhengige) nyheitsmedium, observatørar og organisasjonar.

I 1999 kunne Putin styre informasjonstilfanget slik at den vesle sympatien som verdssamfunnet måtte ha hatt for tsjetsjenarane si sak, stort sett fordunsta. Då Russland i august 2008 gjekk til angrepskrig mot Georgia, var oppskrifta den same: Einsretta nyheitsdekking, og dessutan å nekte internasjonale observatørar og organisasjonar (FN, OSSE) tilgjenge til operasjonsområda. Slik lukkast det Putin langt på veg å vinne aksept for myten om at det var Georgia som hadde starta krigshandlingane og at krigen "eigenleg" var Georgia si eiga skuld. Ein heil katalog av synsmåtar til støtte for denne oppfatninga vart iherdig selt inn til omverda: At Russland hadde rett og plikt til å verne ibuarane i Abkhazia og Sør-Ossetia mot georgiske overgrep; at Georgias president Saakasjvili var ein uansvarleg og vørdslaus fyr som hadde opptrede utillateleg provoserande; at amerikanarane og britane hadde krenkt Russland sine legitime geopolitiske interesser ved å stille i utsikt at Georgia kunne verte medlem av NATO. Seks år seinare har det meste av dette sokke inn og vorte den toneangivende røydomsforståinga i Vesten òg.

I 2014 har vi sett mønstret gjenta seg: Ein målretta propagandakrig for å få omverda til å innsjå at Krim "eigenleg" var ein naturleg del av Russland og at annekasjonen såleis måtte vurderast som ei att-oppretting av den naturlege tilstanden til tinga.

Putin kan knapt ha trudd at annekasjonen av Krim ville gå føre seg heilt utan protestar frå vestleg hald. Det skjedde sjølvstøtt òg – protestar pliktskuldigst førd fram i lag med varsame og smålåtne trugsmål om sanksjonar, der hovudargumentet var at Russland si framferd var eit brot på folkeretten. På dette eine punktet har fordømminga vore etter måten klår.

Men samstundes med fordømminga har vi vorte fôra med balanserande synsmåtar, til dels i form av spurnader: Er det ikkje så at storparten (over 58 %) av folkesetnaden på Krim er russarar? Lyt ikkje desse òg ha nasjonal sjølvråderett? Og er det ikkje så at Krim heilt sidan 1774 var ein del av det russiske imperiet, og berre har vore ein del av Ukraina sidan 1954 – og dette berre av di Nikita Khrusjtsjov var full eller fekk eit hugskot av raustleik? Og kva tyder

eigenleg abstrakt folkerett, sett opp mot stormakta si konkrete og legitime geopolitiske interesser? Og dersom alternativet var å setje verdsfreden i fare, var det ikkje då like greitt at det gjekk som det gjekk?

Det er påfallande korleis slike selektive geografiske og historiske "faktum" har gått rett heim i det norske kommentariatet. Dersom alternativet er å setje verdsfreden overstyr, er det kan hende greiare å la aktørar som Putin ta seg til rettes andsynes veikare naboland? Men treng vi samstundes la Putin vinne kampen om vår røyndomsforståing?

Ex-KGB-mannen Vladimir Vladimirovitsj Putin har i løpet av dei siste 15 åra synt at han seier kva han meiner og gjer som han seier. Undervegs har han opparbeidd seg ei solid røymsle med omsyn til eigne evner til å vinne og halde på definisjonsmakta. Skal han enno ein gong få lukkast?